

## Samandrag kapittel 7, nynorsk

### Befolkning og befolkningsutvikling

Folketalet på jorda var 3 milliardar i 1960, og folkeauken var då 2 % per år. Dette svara til ein årleg tilvekst på 60 millionar menneske. I 2012 var folketalet på jorda passert 7 milliardar, medan den årlege vekstraten var redusert til 1,1 %. Dette utgjorde ein auke på 77 millionar menneske i året. Vi ser altså at vekstraten har minka, sjølv om tilveksten i absolutte tal har auka. Etter FNs prognosar vil folketalet stabilisere seg på om lag 10 milliardar mot slutten av hundreåret.

**Thomas Malthus** (1766–1834) er kjend for sin teori om at folketalet veks geometrisk (eksponentielt), medan matproduksjonen veks aritmetisk (lineært). I lengda ville dette føre til matmangel og høge dødstal, slik at folkeauken minka. Malthus hevda at fattigdom kom av at folk fekk for mange born. Seinare har forskarar, som Ester Boserup, hevda at folkeauke fører til meir kunnskap, betre teknologi og hardare arbeidsinnsats, slik at matproduksjonen aukar meir enn lineært. I dag seier vi det motsette av Malthus: Det er fattigdom som er årsaka til høge barnetal. Den viktigaste demparen på folkeauken i eit land er difor økonomisk utvikling og betre levekår.

**Den demografiske overgangen** er ein modell som viser korleis **fødselsraten** og **dødsraten** endrar seg, gjennom fire fasar, når eit land går gjennom ei økonomisk og sosial utvikling. Frå ein tidleg fase med høg fødselsrate og høg dødsrate (fase 1), er det ein overgang (fase 2 og 3) der dødsraten minkar fortare enn fødselsraten, til landet endar i fase 4 med både låg fødselsrate og låg dødsrate, og dermed låg folkeauke. Alle land ser ut til å gå gjennom desse fasane, men dei er på ulike stader på ulike tidspunkt i utviklinga si. Den demografiske overgangen blir forklart med at ei økonomisk og sosial utvikling gjev betre levekår for befolkninga i landet, og det fører til redusert folkeauke.

I Noreg tok den demografiske overgangen lang tid. Dødsraten begynte å minke (fase 2) omkring 1814, medan fødselsraten heldt seg høg fram til tidleg på 1900-talet. Tilveksten var høg, men befolkningspresset vart dempa av ei omfattande utvandring, særleg til Nord-Amerika. Like før den andre verdskrigen var fødselsraten låg, men han steig att fram mot ein topp i 1946, og minka så på nytt. I dag er Noreg i fase 4, med ein fødselsrate som har nærma seg dødsraten, og der innvandring står for ein stor del av folkeauken.

**Samla fruktbarheitstal** viser kor mange born ei kvinne føder i gjennomsnitt i sin fødedyktige periode. Statistikk viser at barnetalet per kvinne har minka i dei aller fleste land i verda. Men mange utviklingsland har ein stor del unge, og fødselstala vil difor auke sjølv om det gjennomsnittlege barnetalet minkar. Det kallar vi **demografisk tregleik**.

Medan ein globalt uroar seg over at folkeauken er for stor, uroar ein seg i vår del av verda over at han er for liten. For at folketalet skal haldast oppe, må kvar kvinne erstatte seg sjølv med eit jentebarn. Då må det i gjennomsnitt fødest litt over to barn per kvinne, dei vil seie eit samla fruktbarheitstal på 2,08. Det kallar vi **reproduksjonsnivået**. Med dagens fødselsrater i dei ulike aldersklasser av kvinner, er samla fruktbarheitstal i Noreg 1,85 (2012). Trass i at dette er under reproduksjonsnivået, er det mellom dei høgaste tala i Europa.

Den låge fruktbarheita gjer at delen av eldre aukar i forhold til dei yngre aldersgruppene. Denne endringa i **befolkningsstruktur** kan framstillast i ein **alderspyramide**. I ei aldrande

befolkning blir pyramiden topptung. Det at delen av eldre aukar, går under namnet **eldrebølgja**.

**Befolkningspolitikk** går ut på at styresmaktene set i verk tiltak for å redusere barnetalet (antinatalistisk politikk), som i Kina, eller prøver å auke fødselstala ved å gje støtte til barnefamiliar (pronatalistisk politikk), som i Noreg. Her i landet har vi gode permisjonsordningar, barnehagetilbod og økonomisk støtte til barnefamiliar, men fleirtalet av kvinner vel å vente med å få barn til dei har fullført utdanninga og kome inn i yrkeslivet. Gjennomsnittsalderen for førstegongsfødande har difor stige, og er i dag på over 28 år.

Mange miljøproblem er knytte til befolkningsvekst fordi fleire menneske treng fleire ressursar og forureinar meir. Døme er tap av skog og jord, tap av artar, forureining av drikkevatt, luft og jord og redusert tilgang på ferskvatt. Å skaffe mat nok til ei veksande befolkning byr på store utfordringar når det gjeld tilgang på dyrkbar jord, vatn og teknologi og det å endre kosthaldsvanane til folk. Eit kosthald basert på mykje kjøt krev meir ressursar enn eit kosthald basert på plantekost. Det kan hevdast at det i dag er mat nok til alle på jorda, og at ingen trong svelte dersom ressursane var meir rettferdig fordelte. Vi kan seie det slik at i fattige u-land er folkeauken det største problemet, medan i rike i-land er problemet stort ressursforbruk per innbyggjar.

**Marginalisering** vil seie at (fattige) menneske er nøydde til å busetje seg og ta i bruk område der naturen ikkje gjev grunnlag for trygg matforsyning eller busetnad, til dømes nær ørkenområde. Slik marginalisering kan difor føre til lokale svoltkatastrofar i tørkeperiodar. Dei fattigaste blir hardast rammet, det ser vi i samband med naturkatastrofar som jordskjelv, vulkanisme, flaum og jordskred. Lokalbefolkninga som tradisjonelt har brukt jorda, kan òg bli marginalisert ved «land grabbing», det vil seie at andre land eller utanlandske selskap kjøper eller leiger store jordbruksareal.

Arbeidsvandring innanfor eit land er oftast knytt til **urbanisering**, det vil seie at folk flytter frå landsbygda til byen. I dag har u-land den sterkaste urbaniseringa. Få moglegheiter og fattigdom på landsbygda fører til at folk flytter til byen i håp om å få eit betre liv, men mange hamnar i fattigdom i dei store slumområda som ligg rundt storbyane i mange u-land.

**Flytting** omfattar både arbeidsvandring (framandarbeidar) og flyktningar. Dei fleste som flyktar, kjem frå land med krig eller indre konflikhtar. Flyktningar innanfor eit land kallar vi internt fordrevne (IDP). I 2011 var det 26 millionar IDP i verda, det vil seie fleire enn talet på flyktningar. Ca. 160 000 personar med flyktningbakgrunn var busette i Noreg i 2012. Dei største gruppene var frå Irak, Somalia og Iran.

Innvandrarbefolkninga i Noreg (personar som har innvandra, og norskfødde med innvandrarforeldre) utgjorde 655 000 personar i 2012 (ca. 13,1 % av befolkninga). Reglar frå 2005 om fri arbeidsmarknad innanfor EØS-landa har gjort at nettoinnvandringa til Noreg dei siste åra har vore størst frå Polen, Sverige og Litauen.

Årleg flytter 4–5 % av befolkninga mellom kommunane og 2–3 % mellom fylka i Noreg. Flyttemotiv kan illustrerast med ein «**push and pull**»-modell, der **skuvefaktorar** er forhold på fråflyttingsstaden, og **trekkjefaktorar** er moglegheitene som lokkar på tilflyttingsstaden. Flyttinga er avhengig av alder og kjønn – unge flytter meir enn eldre, og unge kvinner meir enn unge menn. Det kjem av at fleire unge kvinner flytter for å ta utdanning, samtidig som det i mange utkantkommunar er ei overvekt av arbeidsplassar som er mest attraktive for menn. I

fråflyttingskommunane kan konsekvensen bli at skular, butikkar og andre tilbod blir nedlagde. Det blir fleire eldre der, og hus blir ståande tomme (uttynningssamfunn). For tilflyttingskommunane kan det by på utfordringar å kunne tilby skuleplass og barnehageplass, og det blir press på bustadmarknaden og høge buutgifter.